

Protokoll frå revisjonsutvalsmøte i Helse Vest RHF

DATO: 22.05.2014
MØTESTAD: Helse Vest RHF

Utvalsmøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå utvalet

Lise Reinertsen	Leiar
Reidun Johansen	Medlem
Gunnar Berge	Medlem

Ingen forfall

Deltakarar frå administrasjonen

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Eigardirektør Ivar Eriksen

Deltakarar frå internrevisjonen

Leiar for internrevisjonen Bård Humberstet (sekretær for komiteen)

Sakliste

Sak 12/14 B Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 13/14 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 03.03.2014
Sak 14/14 O Orienteringar med prosjektstatus frå internrevisor
Sak 15/14 B Revisjonsutvalet sin aktivitetsplan 2014
Sak 16/14 O Vidare arbeid med revisjonsplan 2015
Sak 17/14 O Oppfølging av prosjekt om TSB
Sak 18/14 O Oppfølging av prosjekt om pasientreiser
Sak 19/14 B Revisjonsutvalet si oppfølging av ekstern revisor
Sak 20/14 O Risikostyring i Helse Vest
Sak 21/14 B Eventuelt

Sak 12/14 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 13/14 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 01.04.2014

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet godkjenner protokollen frå møte 01.04.2014.

Sak 14/14 O Orienteringar med prosjektstatus frå internrevisor

Oppsummering:

Internrevisor gjekk gjennom statusskjema for revisjonsprosjekta og ga ei utvida tilbakemelding på eit par av prosjekta som nå er i slutfasen. Internrevisjonen er i rute med å slutføre tre av prosjekta og starte arbeidet med nye. Dette vart kort drøfta. (Kommande rapportar blir tilsendt revisjonsutvalet sine medlemmer til orientering straks dei er ferdigstilte, i tillegg til å bli framlagt til behandling på ordinært møte.)

Vedtak (samrøystes):

Utvalet tar saka til orientering.

Sak 15/14 B Revisjonsutvalet sin aktivitetsplan 2014

Oppsummering:

Revisjonsutvalet vurderte ut frå lista over planlagde saker til septembermøtet at det ville være behov for enten eit møte til eller eit utvida møte. Konklusjonen blir at møtet 30.9 blir heildagsmøte.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar oppdatert aktivitetsplan til orientering. Møtetidspunkt 30. september blir frå 9-16.

Sak 16/14 O Vidare arbeid med revisjonsplan 2015

Oppsummering:

Internrevisor gjekk kort gjennom dei instruksfesta føringane som gjeld for revisjonsplanlegging, og den praksis det har vært i Helse Vest tidligare: Involvering av føretaka og fleirstegsbehandling i revisjonsutvalet på haustparten, og vedtak i styret på nyåret. Utvalet vil legge til grunn det som også går fram av aktivitetsplan 2014 (sak 15), at ei første behandling av innspel til revisjonsplan blir satt på sakskartet til septembermøtet, og at ei liste med forslag til prioriterte revisjonstema blir behandla i

desember. Utvalet ønskjer også å diskutere på neste møte korleis vi skal involvere/få innspel frå styret til mulige revisjonstemaer for neste år. Deretter vil planen kunne bli lagt fram for styret med utvalet sine tilrådingar.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar saka til orientering.

Sak 17/14 O Oppfølging av prosjekt om TSB

Oppsummering:

Det låg til møtet føre tilbakemeldingar frå RHF-et og tre av helseføretaka på oppfølging av internrevisjonsrapporten om rusbehandling frå 2012. Intensjonen har vært at denne utvalssaka skulle danne grunnlaget for ei orientering til styret i Helse Vest RHF. Utvalet har også tidligare (desember 2013) fått ei statusoppdatering.

Utvalet beklagar at det ikkje hadde lukkast å få fram tilbakemelding frå Helse Stavanger til møtet, og ga uttrykk for ønske om å sjå alle tilbakemeldingar samla, før ei realitetsbehandling av saka. Utvalet legg til grunn at det kan bli handtert gjennom eit ekstraordinært telefonmøte.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar sak om oppfølging til foreløpig orientering, og vil ta ei samla behandling på ekstraordinært telefonmøte når rapport ligg føre også frå Helse Stavanger.

Sak 18/14 O Oppfølging av prosjekt om pasientreiser

Oppsummering:

Det var i denne saka om oppfølging av internrevisjonsrapport frå 2013 lagt fram tilbakemeldingar frå RHF-et og alle fire HF. Utvalet drøfta saka. Ettersom rapporten var eit nasjonalt prosjekt, og det nasjonalt ligg føre fleire uavklarte utviklingsprosessar, valde utvalet å be om ei særskild oppfølging av dette på eit seinare møte.

Utvalet viste også vist til at det regionale brukarutvalet har engasjert seg på pasientreiseområdet. Utvalet bad derfor om at brukarutvalet fekk ei tilbakemelding om det arbeidet som her er gjort.

Revisjonsutvalet fann grunn til å understreke at handlingsplanane, og seinare statusoppdateringar, burde bli utarbeidde etter same mal. Eit av føretaka hadde denne gang rapport i et anna oppsett.

Vedtak (samrøystes):

1. Revisjonsutvalet seier seg tilfreds med tilbakemeldingane frå Helse Vest RHF og helseføretaka, og ber om å bli orientert om utviklinga på nasjonalt nivå på slutten av 2014.

2. Revisjonsutvalet ber om at det blir gitt ei spesiell tilbakemelding om revisjonsrapporten til det regionale brukarutvalet i Helse Vest.

Sak 19/14 O Revisjonsutvalet si oppfølging av ekstern revisor

Oppsummering:

Revisjonsutvalet ønskjer ei tettare oppfølging av rekneskap og økonomistyring i føretaksgruppa. Følgjeleg vil utvalet til hausten invitere inn ekstern revisor for særleg å bli orientert om planane for kommande revisjonshandlingar. Frå før møter utvalet finansiell revisor fast på vårparten, under behandlinga av årsrekneskapen.

Vidare ønskjer utvalet at administrasjonen orienterer om viktige sider ved rekneskap og økonomistyring. Tematikken blir eit fast punkt på agendaen for utvalet, frå og med neste møte.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar saka til orientering.

Sak 20/14 O Risikostyring i Helse Vest

Oppsummering:

Eigardirektør Ivar Eriksen orienterte om bakgrunn og nåverande praksis for arbeidet med internkontroll og risikostyring i Helse Vest, og gjekk mellom anna gjennom to av dei sentrale dokumenta som er utarbeidde: «Konsept for internkontroll» og «Retningslinjer for risikostyring». Orienteringa vart drøfta i utvalet.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar saka til orientering.

Sak 21/14 B Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

22.05.2014

Ref. Bård Humberstet

Lise Reinertsen (Leiar)

Reidun Johansen (Medlem)

Gunnar Berge (Medlem)